



GISKE KOMMUNE

Staben

330.01	NR.
21 NOV 2005	
2005/02756	NR.:

-069

Det kongelige barne- og familiedepartement
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.: 05/1268-2 Arkiv: K1-, K2-A10, K3-&13 Dato: 15.11.05

UTTALE TIL HØYRING- FORSLAG TIL FØRESKRIFTER TIL NY BARNEHAGELOV

Vi viser til Dykkar brev datert 03.10.2005 i høve til høyring – forslag til føreskrifter til ny barnehagelov.

Vi har følgjande merknader:

Utdanningskrav for styrar og pedagogisk leiar:

Vi meiner at det er viktig at utdanningskravet vert oppretthalde for styrar og pedagogisk leiar i barnehagen. Dette er heilt vesentleg for kvaliteten i barnehagen som ei pedagogisk verksemd. I dag er det også auka kvalitetskrav for barnehagesektoren.

Pedagognorm:

Vi er glade over å sjå at pedagognorma med ein førskulelærer på 14-18 barn over tre år, og ein førskulelærer på 7-9 barn under 3 år vert oppretthalde!

Likevel saknar vi ei norm som seier noko om den totale bemanninga på ei avdeling/ i ei barnegruppe.

Vi opplever stadig at kommunen si økonomi spelar inn når "tilstrekkeleg bemanning" vert vurdert. Det er stadig press om å ta inn fleire barn utan at det er krav om å auke den totale bemanninga, kun krav om pedagogisk leiar.

Dispensasjon frå utdanningskravet:

Midlertidig dispensasjon:

Vi meiner at ved dispensasjon frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar bør dette ikkje innvilgast for meir enn eitt år av gongen. For å kunne sikre barn eit kvalitativt godt tilbod i barnehagen trengst det førskulelærarutdanning for leiarane.



GISKE KOMMUNE

Staben

Varig dispensasjon:

Vi synes at det er for enkelt å kunne innfri varig dispensasjon frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar etter berre 3 år.

Styrar er: - Øvste pedagogiske leiar i barnehagen.
- Personalleiar i barnehagen.
- Administrativ leiar i barnehagen.

Styrar er trass alt den som har hovudansvaret for kvalitetsarbeidet i barnehagen.

Grunnlaget for livslang læring vert lagt i førskulealder/barnehagetida. Vi ser det difor som naudsynt at leiarar i barnehagen, styrar og pedagogiske leiarar, er kvalifiserte for dette viktige arbeidet.

Vi viser til § 17 i lova "Fylkesmannen kan i særlege tilfelle gi varig dispensasjon frå utdanningskravet"

Vi tolker det slik at det skal meir tungtvegande grunnar til for å kunne få ei slik stilling varig. Ein bør difor ikkje gi opp å søkje om kvalifiserte søkjarar etter berre tre år. Denne grensa bør vere minimum 10 år!

Godkjenningssplikt:

Vi synes det er positivt at godkjenningssplikta er skjerpa i den nye barnehagelova.

Politiattest:

Det er naudsynt at barna vert skjerma mot å bli utsette for seksuelle overgrep i barnehagen gjennom kravet om politiattest for dei tilsette.

Med helsing

-Styrarane for barnehagane i Giske kommune
-Spesiallærarane for barn i førskulealder med særskilde behov

Lena Giske Remøy

Lena Giske Remøy

- pedagogisk konsulent-

Kopi til:

Daggry barnehage		6050	VALDERØYA
Giske barnehage		6052	GISKE
Giske PPT	Rådhuset	6050	VALDERØYA
Myra barnehage		6050	VALDERØYA
Skjong barnehage		6050	VALDERØYA
Sætra barnehage		6050	VALDERØYA
Tryggheim barnehage		6055	GODØYA
Vigra barnehage		6040	VIGRA

Adresse:

Rådhuset

Telefon:

70 18 80 00

Telefax:

70 18 80 01

Bankgiro:

3904 07 00300

E post:

post@giske.kommune.no